

Rogaland landbruksselskap
Postboks 59
4001 Stavanger

18. oktober 2021

Kommunen ved ordfører og landbrukskontor

LANDBRUKET I ROGALAND SIN HEIDERSPRIS 2021

Rogaland landbruksselskap deler årleg ut ein heiderspris. Denne skal gå til ein eller fleire med yrket sitt i landbruket. Fortrinnsvis aktive bønder som siste år, eller i ein periode har gjort ein positiv innsats ut over det ein normalt kan forvente. For 2020 vart prisen tildelt ekteparet Unni Johannesen Skadsem og Bertran Trane Skadsem frå Klepp kommune.

Vi oppmodar med dette din organisasjon til å kome med framlegg til kandidat. Styret i Rogaland landbruksselskap avgjer kven som skal tildelast prisen.

Frist for å senda inn forslag med ei kort grunngjeving er: 1.desember 2021. Desse skal sendast Rogaland landbruksselskap, postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til: fmrobeh@statsforvalteren.no.

Ved vurdering av kven som bør få Landbruket i Rogaland sin heiderspris skal det leggjast vekt på at vedkomande utan personleg vinning har gjort ein ekstra innsats innanfor eit eller fleire av kriteria nedanfor.

- Har profilert landbruket på ein positiv måte mot resten av samfunnet.
- Har fremma positive idear for vidareutvikling av bygdene i Rogaland.
- Har vore ei drivkraft i utvikling av ei levedyktig bygd og/eller eit grannelag.
- Er eit føredøme i arbeidet for vidareutvikling av kulturlandskapet.
- Har profilert og i praksis gjennomført si jordbruksdrift med høg miljøstandard og fokus på etikk i fjøs og/eller gris-/fjørfehus.
- Har hjulpet ein yrkesbror eller –søster gjennom ein vanskeleg periode.
- Utviklar nye produkt eller tenester som kan gjere landbruket meir robust.

Heidersprisen består av Rogaland landbruksselskap sin diplom og eit spesielt kunstverk.

Med helsing

Geir Skadberg
Styreleiar for Rogaland landbruksselskap
Landbruksdirektør

Bente Espedal Halvorsen
Seniorrådgjevar

Vedlegg:
Skjema for forslag til kandidat

FORSLAG TIL KANDIDAT

Namn: _____ Adresse: _____

Kort grunngjeving: _____

Forslagsstillar: _____
Namn telefon e-postadr.